


Trafikkplan for Nærbø ungdomsskule



KORT OM NÆRBØ UNGDOMSSKULE

Nærbø ungdomsskule har ca 330 elevar og ca 45 tilsette.

Skulen ligg i Nærbø sentrum i nærleiken av idrettsanlegget. Dei fleste elevane må kryssa Torlandsvegen eller Bernervegen for å koma inn på skuleområdet. Begge vegane er nokså trafikkert, og fartsgrensa er 50 km/t og 40 km/t. Det er fleire fotgjengerfelt over vegane til skulen.

Når elevane skal på tur, må dei anten gå til fots eller bruke eigen sykkel. Me nyttar og kollektiv transport som tog og buss.

Dei fleste elevane bur på Nærbø, og dei går eller sykklar til skulen.

På dei fleste stadane har kommunen sikra skulevegen med gang- og sykkelsti eller fortau. Det er tilstrekkeleg med fotgjengerovergangar på skulevegen.

FAU er ein viktig medspelar for skulen i gjennomføring av planen. Me går gjennom planen i FAU på hausten kvart skuleår.

RETNINGSLINJER FOR TURAR

Generelt gjeld:

- Hjelm: Alle elevar og vaksne skal nytte hjelm på sykkelturar i regi av skulen.

Turar til fots

Det er alltid med minst ein ansvarleg vaksen med klasse på gåtur. Denne er godt synleg for elevane. På turar skal det alltid vera med minst ein mobiltelefon og førstehjelpsutstyr.

Elevane skal gå på venstre side av vegen og på fortau der dette er tilgjengeleg. Ved kryssing av veg skal me alltid bruka gangfelt der dette er tilgjengeleg.

Postadresse: Torlandsvegen 2 4365 Nærbø	Kontoradresse: Torlandsvegen 2 4365 Nærbø	Internett: www.ha.no/nus post.narbo.ungdomsskule@ha.kommune.no	Telefon: 51 43 60 30	Telefaks:	Org.nr. 964969590
--	--	---	--------------------------------	------------------	-----------------------------

Elevar skal alltid teljast før tur, og før retur til skulen. Dersom skuledagen avsluttast ved turdestinasjon, kan elevane gå heim på eiga hand om det er i nærleiken av Nærbø. Heimen overtek då det formelle ansvaret for eleven sin ferdsel heim.

Turar på sykkel

Det er alltid med to ansvarleg vaksne med klasse på over 15 elevar på tur. Her er det viktig at begge har mobiltelefon og kan varsle om det skulle oppstå ein situasjon.

Dei vaksne skal ha med førstehjelpsutstyr. Det kan være lurt å ha med sykkelpumpe, smøreolje og sykkelverktøy.

Alle skal ha sykkelhjelmer og syklane skal vera i forskriftsmessig stand. Skulen har ekstra hjelm og nokre sykklar til utlån. Utlån må avtalast på førehand. Elevene skal sykle på rekke. Ein ansvarleg vaksen sykklar fremst og ein sykklar bakerst. Er ein vaksen åleine med ei gruppe på maks 15 elevar, sykklar den vaksne bakerst. Lærarane har på refleksvest. Elevar kan ikkje sykle på el-scooter eller el-sparkesykkel på felles sykkelturnar. Elevar som ikkje kan sykle av ulike årsaker, må gå til turdestinasjonen.

Elevane skal vera kjent med sykkelruta på førehand, med dei utfordringar og omsyn som må takast. Elevane vert oppfordra til å trille sykkel over alle gangfelt.

Elevane skal oppføre seg som køyrande og kjenne til trafikkreglar og vikepliktsregelen spesielt. Elevane held avstand til sykkel framfor og sykklar ut i grøfta hvis de får problem av teknisk art, og venter på den siste vaksne.

Elevar skal alltid teljast før tur og før retur til skulen. Hvis skuledagen avsluttast ved turdestinasjon, kan elevane sykle heim på eiga hand. Heimen overtek då det formelle ansvaret for elevens ferdsel heim.

Ved enkelte turar kan elevane få beskjed om anna oppmøtestad enn Nærbø ungdomsskule. Skuledagen startar då ved oppmøtestaden. Er det oppmøtestad utanfor Nærbø, skal elevane sykle minst to saman, eventuelt avtale å sykle saman med lærar. Dette er det lærar sitt ansvar å organisere.

Grunnlaget for kvifor el-scooter og el-sparkesykkel ikkje kan nyttast på sykkelturnar med klassen, er for desse syklane ikkje oppleves like trygge for omgivelsane og medelevar, som den typen el-sykkel som ser ut som vanleg sykkel. Skulen har ansvaret for trafikksikkerheita til elevane, og vel derfor å gjere forskjell på desse el-syklane. Dette er gjort i samråd med FAU og SMU.

(Med el-scooter meiner me den typen el-sykkel som ser ut som ein scooter (moped)).

Turar med buss og tog

Lærar har ansvaret for å sjå til at alle bruker bilbelte på buss. Elever skal gå av/på både buss og tog i ordna flokk. Lærar tel elevane for å sikre at alle er gått på/av buss/tog.

Bruk av privatbilar

Postadresse:	Kontoradresse:	Internett:	Telefon:	Telefaks:	Org.nr.
Torlandsvegen 2 4365 Nærbø	Torlandsvegen 2 4365 Nærbø	www.ha.no/nus post.narbo.ungdomsskule@ha.kommune.no	51 43 60 30		964969590

Skulen nyttar i liten grad privatbilar ved turar. Viss det er nødvendig å bruka privatbil, skal skulen innhenta skriftleg samtykke i forkant.

Stader skulen ofte dreg på tur til vert vurdert av lærar i forkant.

Døme på vurdering:

Hvor	Hvordan	Vurdering av ruta
Bodle	Gå/sykla	Sikker veg med sykkelsti ned til Sør-Varhaug. Sør//Nord-Varhaugvegen er 4-5 meter brei, utan fortau/sykkelsti, utan lys og fartsgrensa er 80 km/t. Men det er relativt lite trafikk og siktforholda er gode.
Jærmuseet	Gå/sykle	Sykkelsti til kjerka. Må sykle langs trafikkert veg siste km. Alternativ er Bekkjastien, men då må dei gå over veg utan gangfelt.
Refsnes	Sykle	Sykkelsti heilt fram.
Dalabekk	gå/sykle	Sykkelsti heilt fram. Gangfelt der dei krysser vegen.
Wiig	Sykle	Sykkelsti fram til Refsnes, deretter langs trafikkert veg.
Hå Gamle Prestegård	Sykle	Sykkelsti ned til under riksveg44. Resten går langs trafikkert veg, type smal.
Pyttaskogen	Gå	Sykkelsti, men må kryssa utan gangfelt.
Vigreskogen	Gå/sykle	Sykkelsti, men må kryssa utan gangfelt.
Holmavatn	Sykle	Sikker veg med sykkelsti til Ånestad. Svinger inn til Ånestad og følger veien vidare til Holmavatn, vegen er 4-5 meter brei, utan fortau/sykkelsti og utan lys. Relativt lite trafikk og siktforholda er gode.
Sandtangen	Sykle	Sikker veg med sykkelsti/fortau heilt fram. Fra NUS til Nesheim, så vidare forbi Høyland skule og vidare heilt til Sandtangen på Bryne.
Fugleparken	Gå/sykle	Sykkelsti

Ulykker på tur

Ved alvorlige ulykker ringer me 113 og administrasjonen på skulen, som igjen varslar pårørende i samsvar med kriseplanen til skulen. Ein må ivareta sikkerheita til elevane og trygge ulykkesstaden.

Ved mindre alvorlige uhell/ulykker varslar me administrasjon/ foreldre som saman vurderer vidare tiltak.

Ved legebesøk skal me fylla ut RTV-skjema og senda til NAV.

Ved alle uhell skal foreldre/foresatte varslast.

SAMARBEID MED FORELDRE OG FØRESETTE

Nærbø ungdomsskule skal legge til rette for eit godt samarbeid med foreldre og føresette om elevane sitt læringsmiljø. Ein del av læringsmiljøet er og skulevegen, skulegarden og skulen sitt nærmiljø.

Aktuelle tema på foreldremøter ved skulestart:

- Skulevegen og gode haldningar i høve til oppførsel langs vegen, på haldeplassen og rundt skulen sitt område
- Bruk av sykkelhjelm på turar og på skulevegen
- Rutinar på turar i skuletida
- Foreldre som rollemodeller
- Opplysning om valfaget trafikk

FORANKRING:

Nærbø ungdomsskule byggjer på Trygg trafikk sine krav for ein trafikksikker skule:

Trafikktryggleik i skulen

- Skulen gir, i samarbeid med FAU, anbefalingar til føresette om sykling til skulen.
- Skulen har rutinar for å ivareta sikkerheita på turer til fots, på sykkel, i bil og med kollektivtransport i regi av skulen.
- Skulen har gode rutiner for at planane blir fulgt av dei tilsette.

Trafikkopplæring i skulen

- Skulen har integrert trafikkopplæring i tråd med kompetansemål i Kunnskapsløftet 2020.

Samarbeid mellom skule og heim

- Skulen sin læreplan for trafikk er årleg tema på foreldremøte.
- Foreldre blir involvert i arbeid om trafikksikkerheit på skulen, til dømes gjennom FAU.

Forankring i Kunnskapsløftet 2020 (LK-20)

(henta frå <https://www.tryggtrafikk.no/opplaering/skole/kunnskapsloftet-2020/>)

Trafikkopplæring og skulen sitt verdigrunnlag i Overordna del

Å læra å tenka etisk, å kunne reflektera over etiske problemstillingar og å utvikla evnen til å ta kloke val, står sentralt i trafikkopplæringa. I skulen kan ein særleg på ungdomstrinnet og i vidaregåande gje elevane oppgåver som omhandlar trafikk. Slike oppgåver kan omfatta refleksjon over etiske problemstillingar i ulike trafikale situasjonar. Målet er at elevane utviklar god dømekraft i alle trafikksituasjonar dei er i.

«Kritisk tenkning og etisk medvit er både ein føresetnad for og ein del av det å læra i mange ulike samanhengar, og bidreg til at elevane utviklar god dømekraft» (frå overordna del).

Utgangspunktet for trafikkopplæring er ganske enkelt – mennesket sitt ukrenkelege og unike verdi. Difor tek trafikkopplæringa utgangspunkt i menneskerettighetane, og i verdiane som kjem fram i overordna del. Det betyr at skade på materiell, kostnader og andre problemstillingar knytt til trafikk er underordna og uvesentleg satt opp mot mennesket sin eksistens og verdi, noko som må overstyra alle andre vurderingar.

Vi tek mange val i trafikken som ikkje er forenleg med at mennesket sin verdi er ukrenkeleg. Skulen har ei viktig oppgåve i å formidla mennesket sin verdi til alle elevar.

Gjennom overordna del og gjennom læreplanar i faga blir det gitt føringar for dette.

Den overordna delen av læreplanverket beskriv grunnsynet som skal prega pedagogisk praksis i heile grunnopplæringa. Den skal og ligga til grunn for samarbeidet mellom heim og skule.

I overordna del står det mellom anna at opplæringa skal danna heile mennesket og gje kvar og ein moglegheit til å utvikla eigne evnar. Danning skjer når elevane får kunnskap om og innsikt i natur og miljø, språk og historie, samfunn og arbeidsliv, kunst og kultur, og religion og livssyn. Danning skjer og gjennom opplevingar og praktiske utfordringar i undervisninga og i skulekvardagen. Eit breitt spekter av aktivitet, frå strukturert og målretta arbeid til spontan leik, gjev elevane erfaringsrikdom. Elevane får danning i møte med andre og gjennom fysisk og estetisk utfolding som fremmar rørsleglede og meistring.

Kompetansemål frå LK-20:

Samfunnsfag - etter 10. trinn

- *utforske korleis teknologi har vore og framleis er ein endringsfaktor, og drøfte innverknaden teknologien har hatt og har på enkeltmenneske, samfunn og natur*
- *beskrive sentrale lover, reglar og normer, og drøfte kva konsekvensar brot på desse kan ha for den enkelte og for samfunnet på kort og lang sikt*

Planen er revidert av FAU og SMU oktober 2025

Linda Hadland Forsmo
Rektor
Nærbø ungdomsskule